

# Soldat Rollem *M. m., 22/6.01*

Av Magne Skodvin,  
professor, Oslo

**Det er vanskeleg** å forstå at den tyske kommandanten på Akershus skulle ha «nedverdiget seg» (Johan Ellefsen i Aftenposten 14. juni) om han sjølv hadde overlevert festningen til Terje Rollem og hans menn. Han ville i tilfelle ikkje ha gjort anna enn å rette seg etter ordre, og det kan knapt vere «nedverdiggende» for ein tysk offiser.

Den 2. mars 1945 kunnjorde nemleg Oberkommando der Wehrmacht at norske motstandsfolk skulle behandlast som vanlege tropper («Behandlung von Angehörigen der norwegischen Widerstandsbewegung als reguläre Truppe»). Dette dokumentet, OKW 2192, er også å finne på mikrofilm 1288 i National Archives, Washington D.C. Liknande instruksar vart sende til fleire andre tyskokkuperte område ved same tid. I andre arkiverseriar har OKW 1776 og OKW 138,2 det same innhaldet – det siste er ei litt spesiell rekke med tittelen «Norwegen allgemein März/April 1945». Den er også kopiert, på film 1284. Av

seinare utfyllande aktstykke går det fram at frå tysk synspunkt skal motstandsfolk reknast som kombattantar når dei har tilhald i eit område, står fram som slutta avdeling eller underavdeling (lag), og har til formål å gå til strid.

Med vanleg disiplin retta Wehrmacht seg etter dette. Men SS-menn, tyske og norske, bøygde seg ikkje utan vidare, og heldt fram med jakta på «terroristar og sabotørar».

Dei tyske Meldungen aus Norwegen opplyser at under den store aksjonen mot det tyske jernbansambandet («Operasjon sementblanding») i midten av mars vart det observert norske soldatar i uniform og med norsk flagg på venstre erme.

Det er knapt nødvendig å tenkje seg at den tyske kommandanten skulle ha forlate sin kommando på Akershus for å unngå «nedverdiggelsen». Tyske militære, som nå var allierte krigsfangar, vart samla i store leirar, mellom anna ved Båntjern. Kommandanten var like lite herre over sine opphaldstader som andre tyske krigsfangar.

